

Solfest med ledige plassar!**23.02.2010**

Laurdag 27. februar klokka 20.30 blir det soilfest i Helgheim, der Steinar Engelbrektson band frå Sandane spelar opp til dans og der det blir servert heimelaga betasuppe med brød, kunngjer arrangørane.

Dei som står bak er dei same som hadde ein svært vellukka veners venefest i november i fjor. Festen laurdag er ope for alle som har lyst. uskedalen.no får opplyst at det framleis er ledige plassar.

Det nærmar seg 100, men det er plass til atskilling fleire. Men det er ikkje lov å sleppa inn fleire enn 170 i Helgheim, opplyser arrangørane. Dei ber interesserte festdeltakarar ringje 990 42327 eller 414 68957 snarast..

Dette er ikkje ein fest med det føremål å tena pengar, blir det presistert. I november gjekk dei akkurat i null, og det er målet denne gongen også. Men berre orkesterutgiftene er på rundt 50.000 kroner og dei har lagt på billetten ein femtilapp denne gongen - til 400 kroner.

- Ingen skal tene pengar på denne festen, men alle skal bli litt rikare på gode minner, heiter det i invitasjonen.

Dei som har fått han bør ikkje berre meldt på seg sjølve men også nokre gode vene, ettersom dette altså er ein venefest!

Av Ola Matti Mathisen